

Svein Bergtun
5632 OMASTRAND

Region Vest
Naustdalsvegen 1 B

Postboks 53
6801 FØRDE

Telefon: 57 83 36 50
Telefaks: 57 83 36 51
E-post: rv@nve.no
Internett: www.nve.no

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

29 MARS 2006

Vår dato:

Vår ref.: NVE 200204000-14 rv/lbr

Arkiv: 911-514.2 /053.42

Dykkar dato: 03.11.2005

Dykkar ref.: Svein Bergtun

Sakshandsamar:

Liv Rindal

57 83 36 82

Kvitelva minikraftverk i Kvam kommune i Hordaland fylke - vedtak om vidare sakshandsaming

Vi viser til Dykkar melding av 03.11.2005 og vår synfaring 22.03.2006.

NVE konkluderer med at utbygginga ikkje vil føre til skader eller ulemper for allmenne interesser i eit slikt omfang at det er naudsynt med særskilt konsesjon etter vassressurslova § 8.

Dette vedtaket gjeld berre for avklaring om tiltaket er konsesjonspliktig eller ikkje. Tiltakshavar må ta kontakt med Kvam kommune for å avklare tiltaket i høve til plan- og bygningslova.

Tiltakshavar skal òg gjer ei vurdering av brotkonsekvensar for dam (demning) og turbinrøyr ved å fylle ut skjema for klassifisering. Detaljplanlegging kan ikkje setjast i gong før NVE har vurdert og godkjend klassifiseringa (gjort vedtak om klasse).

Bakgrunn

Opplysningar om kraftverket:

Nedbørfeltets storleik: 2,05 km²

Middelvassføring ved inntaket: 140 l/s

Alminneleg lågvassføring: -

Maksimal driftsvassføring: 350 l/s

Minste driftsvassføring: 35 l/s

Inntak kote: 220; Avløp kote: 18ⁱ

Fallhøgde: 202 m

Maksimal yting: 600 kW

Midlare årsproduksjon: 2,25 GWh/år

Prosjektet ligg like ved Mundheim Naturreservat.

NVE skal på bakgrunn av planane vurdere om utbygginga medfører skader eller ulemper av slikt omfang for allmenne interesser at det er naudsynt med konsesjon etter vassressurslova § 8.

Kommunen si fråsegn

Kvam kommune opplyser at planstatus for området som er omfatta av utbyggingsplanane i hovudsak er LNF. Det er planar om skogsvegnett i området. Kvam kommune opplyser vidare at nedre del av Kvitelva grensar til Mundheim Naturreservat, det ligg område for fritidsbusetnad langs sjøen sør for planlagt kraftstasjon og det ligg område for akvakultur nord for planlagt kraftstasjon.

Fylkesmannen si fråsegn

Fylkesmannen i Hordaland rår til at prosjektet ikkje treng konsesjonshandsaming. Avgjerda baserer seg på at det ikkje er fiskeinteresser i vassdraget, at elva er lite synleg frå riksvegen og fjorden og at ein er komne til at prosjektet ikkje vert råka av verneforskrifta for Mundheim Naturreservat.

Vedtak

Med heimel i vassressurslova § 18 og delegering til NVE frå Olje- og energidepartementet av 19. desember 2000, vedtek NVE at utbygginga ikkje treng konsesjon etter vassressurslova § 8.

Følgjande føresetnader gjeld for vedtaket:

- Tiltaket vert sett i verk i samsvar med dei planane som tiltakshavar har lagt fram.
- Føresetnaden er vidare at arbeidet vert starta opp seinast fem år frå vedtaksdato og fullført innan ytterlegare fem år, jf. vassressurslova §§ 18 og 27.

Grunngjeving

NVE vurderer saka som tilstrekkeleg opplyst til at vedtak kan gjerast etter vassressurslova.

Elva er lite synleg frå riksvegen og frå fjorden. Det har tidlegare vore ein kraftstasjon ved fjorden i Kvitelva. Det er ikkje fisk i elva, og området langs elva er svært vanskeleg tilgjengeleg.

Fylkesmannen i Hordaland vurderer at prosjektet ikkje er i strid med verneføremålet for Mundheim Naturreservat. Grensa til reservatet rører berre så vidt ved elva, og ein konkluderer difor med at prosjektet ikkje vert råka av verneforskrifta for naturreservatet.

Utbyggjar legg opp til ei minstevassføring lik alminneleg lågvassføring. På bakgrunn av storleiken på nedbørfeltet er det truleg ikkje årsikker vassføring i vassdraget. NVE stiller difor ikkje krav til minstevassføring i elva.

Det omsøkte prosjektet legg opp til relativt stor utnytting av vassressursen. NVE er komne til at utbyggingsplanen kan akseptrast sidan det ikkje er peika på spesielle tilhøve som tilseier ei meir skånsam utbygging.

NVE sin konklusjon bygger på dei opplysningane som ligg føre. Blir det vesentlege endringar i planane må NVE vurdere prosjektet på nytt.

Vidare sakshandsaming

Vi understrekar at vårt vedtak ikkje inneber løyve til bygging. Saka må òg avklarast i høve til plan- og bygningslova. Kommunen skal fyrst vurdere utbygginga i høve til gjeldande arealplan for området, og fastsetje om det må lagast ei ny reguleringsplan for utbyggingsområdet eller om det kan gjevast

dispensasjon frå gjeldande arealplan. Saka må så handsamast som ei byggesak. De må sjølv ta kontakt med kommunen for å få avklara dette, og få dei naudsynte løyver.

Vidare gjer vi merksam på at sjølv om kraftverket ikkje er konsesjonspliktig etter vassressurslova, gjeld reglane i lova si § 5 om aktsemd og § 41 om nedlegging av vassdragsanlegg.


Vi gjer òg merksam på at De sjølv må ordna tilhøva til dei private interessene som eventuelt blir skadelidande som følgje av tiltaket. NVE vurderer ikkje dei privatrettslege tilhøva, dvs. om De har fallrettane, om andre har vassuttak som blir påverka o l.

Anleggseigar (tiltakshavar) skal gjere ei vurdering av brotkonsekvensar for dam (demning) og turbinrøyr ved å fylle ut skjema for klassifisering. Skjema for klassifisering og forskrift om klassifisering av vassdragsanlegg følgjer vedlagt. Vedtak om klasse blir gjort i eige brev frå NVE. Vi minner om at dam og røyr i klasse 3, 2 eller 1 må prosjekterast av rådgjevar godkjend av NVE og i samsvar med reglane i forskrift om tryggleik og tilsyn med vassdragsanlegg.

Har kraftverket ei merkeyting over/lik 100 kVA, gjer vi merksam på krav om forbruksavgift på elektrisk kraft, sjå rundskriv om dette på internettadressa: "www.toll.no". Rundskrivet kan ein òg få på næraste tollstad.

Dette vedtaket kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underrettinga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova Kap. VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- energidepartementet og sendast gjennom NVE.

Med helsing


Ivar Sægrø
fung. regionsjef
Liv Rindal
avdelingsingeniør

Kopi: Energi Teknikk AS, PB 81, 5486 Rosendal
Kvam kommune, Grovagjelet 16, 5600 Nordheimsund
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 Bergen

¹ Koordinatar UTM 33V:

Koordinat inntak: Aust: -4 050, Nord: 6 703 800

Koordinat kraftstasjon: Aust: -4 290, Nord: 6 704 140